

Huglen flyttar inn på låven laurdag

25.06.2008



Det blir ikkje aktuelt å nytta denne "arenaen" likevel. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Veret til laurdag er usikkert. Det er mogeleg det vert opphald, men temperaturen vil liggja rundt 14-15 grader. Difor har Magne Huglen bestemt seg for å flytte den store konserten med Jonas Fjeld og Henning Kvitnes inn på låven på Dønhaug. I tillegg lovar han å nytta varmeanlegg.

- Eg trur dette vil vera betre for gjestene enn å sitja ute og med fare for regn, seier Huglen til uskedalen.no. Han måtte ta bestemmelsen så tidleg på grunn av monteringa av lys- og lysutstyret. Det er to ulike opplegg ute og inne.

- Korleis er førehandssalet?

- Det er godt, men det ligg framleis billetter ute i salsstadene Texaco og SPAR i Uskedalen og Statoil på Husnes. I tillegg har me att nokre få billetter her på Dønhaug.

Skulle det framleis vera billetter att når me opnar på laurdag, vil desse bli selde i porten. Det er ein del som har tinga billetter hjå oss og dei må hentast fredag. Elles kan ein risikera at dei eventuelt vert selde til andre, seier Huglen.

Av Ola Matti Mathisen